



Hå kommune

Etat for tekniske saker og næring

Det kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
11/4460 OMT

Arkivkode

Dato
01.03.2011

Høring av forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk

Det vert synt til Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsbrev av 17. november 2010, der det vert bedt om merknader til forslaget til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk. Som den største husdyrkommunen i landet med ein omfattande mjølkeproduksjon ynskjer Hå kommune å uttale seg om forslaget. Vi uttalar oss berre om regelverket for kumjølkkvotar.

Kvoteregulverket er dei siste åra gradvis blitt endra og gjort meir fleksibelt, utan at det har vore ein grundig gjennomgang av regelverket og utarbeiding av ei ny forskrift. Det er derfor på høg tid at dette skjer.

Fleksibelt regelverk

Med det nye forslaget vil vi få eit svært liberalt og fleksibelt regelverk. Vi vil få ein mjølkebørs med kjøp og sal av kvotar, kvoteleige, framleige av kvotar, flytting av kvotar innanfor ein landbrukseigedom, etablering av samdrifter, etc. Rådmannen stiller spørsmål ved behovet for eit så fritt kvoteregulverk med "fri flyt" av kvotar i alle retningar innanfor kvar region.

Kvoteregulverk i kontrast med anna regelverk

Auken i fleksibiliteten i regelverket fører til eit meir effektivt regelverk, men regelverket er i liten grad blitt vurdert opp mot andre landbrukspolitiske mål. Kvoteregulverket står i skarp kontrast til dei forholdsvis strenge reglane i jordlova og konsesjonslova, der målet mellom anna er driftsmessig gode løysingar både når det gjeld kjøp av tilleggsjord og leige av jord. Her spelar mellom avstanden mellom bruka inn. Rådmannen er ikkje samd i dei nye reglane for oppfylling av driveplikta ved bortleige, og ser ikkje behov for den strenge kontrollen av driveplikta på Jæren. Det vil føre til eit unødvendig byråkrati. Men det er ingen logisk samheng mellom det strenge regelverket for oppfylling av driveplikta ved bortleige og det fleksible kvoteregulverket departementet no legg opp til. Det som er svært viktig på eit område synest ikkje å vere viktig på andre område.

Eit anna eksempel på kontrasten mellom kvoteregulverket og anna regelverk er at departementet ynskjer å stimulere til at meir kjøp av tilleggsjord, jf. statsråden sitt brev til fylkesmannen og kommunane som vart sendt ut i juni 2010. Departementet ynskjer å redusere den store andelen av leigejord og leggje til rette for at bonden får eige meir av den jorda som han driv. Det er også ynskjeleg at bonden får eige meir av den kvoten som han mjølkar på garden. For å nå dette målet bør det berre vere høve til å selje kvoten i samband med at garden vert selt som tilleggsjord. Det vil seie at kvoten skal fylgje tilleggsjorda, slik det var for berre nokre år sidan. På den måten vil kvoteregulverket føre til ei styrking av eksisterande mjølkebruk, noko som vil vere i samsvar med landbrukspolitikken. Med god balanse i mjølkemarknaden vil ikkje dette by på problem.

Postadresse:
Postboks 24
4368 Varhaug

Kontoradresse:
Rådhusgt. 8
4360 Varhaug

Internett:
www.ha.no
teknisk@ha.kommune.no

Telefon:
51 79 31 24

Telefaks:
51 79 30 06

Org.nr.
964969590

Mjølkebørsen

Rådmannen er klar over at mjølkebørsen er komen for å bli. Børsen er ikkje minst ein konsekvens av at vi har samdrifter utan aktivitetskrav. Då aktivitetskravet i samdriftene vart fjerna, opna dette for passive samdriftsmedlemmer. Så lenge vi har samdriftene, vil vi ha ei form for organisert kvoteleige. Det var derfor naturleg at det frå 2009 vart lov for enkeltføretak til å leige kvote av kvarandre. Det er mange fordelar med eit fleksibelt regelverk. Mjølkebørsen har gitt kvoten ein sjølvstendig økonomisk verdi gjennom kvoteleige og kjøp og sal av kvotar. Kvoten er blitt kapitalisert.

Den passive mjølkebonden tener på dette enten gjennom sal eller kvoteleige, og det er den aktive bonden som må betale for kvoten. Kvoteleige fører til at mange bønder leiger ut kvoten til marknadspris i staden for å selje kvoten. Kvoteleige har mange stader ført auke i leigeprisen. Mange er også meir interessert i å leige ut kvoten i staden for å vere passiv medlem i ei samdrift. Dette fordi dei vil stå friare til å leige ut kvoten og jordbruksarealet kvar for seg. Samla vil dei oppnå høgare leigeinntekter. Rådmannen kjenner fleire eksempel der bønder byr over kvarandre for å få tak i mjølkekvotar.

Meir sårbart landbruk

Det vert i ulike samanhengar tala om eit robust landbruk, at det er dette som er målet for landbrukspolitikken. Rådmannen er ikkje overtydd om landbruket er blitt meir robust dei siste åra. Vi har det siste 10 året fått eit meir profesjonelt landbruk. Dei mange store mjølkesamdriftene er eksempel på dette. Mange bønder er blitt flinkare og meir bevisste på føring og stell. Årsavdråttene pr. ku har vanlegvis gått opp etter at lausdriftsfjøset kom på plass. Men i staden for eit meir robust landbruk har vi fått eit meir sårbart landbruk. Det skuldast mellom anna den store auken i lånegjelda på gardane, leige av jord, kjøp eller leige av kvote. Ikkje minst har dei store lausdriftsfjøsa fått merka dette. Eit meir profesjonelt og effektivt landbruk, men på den andre sida meir stress for bonden. Mjølkebørsen har vore med på å gjere landbruket meir sårbart, noko som vil forsterkast med det nye regelverket for mjølkekvotar.

Fjerning av leveransekravet

Rådmannen er positiv til fjerning av leveransekravet. Rådmannen har gått inn for dette tidlegare og alt ved endringa av regelverket i 2003. Departementet har stått hardt på leveransekravet, og det har vore svært vanskeleg å få dispensasjon frå dette kravet. Det strenge regelverket har ført til mange uheldige konsekvensar. Rådmannen går inn for at dei bøndene som har hatt kvoten sovande og på den måten har bidrege til ein betre balanse i mjølkemarknaden, no kan få aktivisere kvoten utan først å etablere mjølkeproduksjon på garden i minst to år.

Framleige av kvotar

I sin yttarste konsekvens opnar det nye regelverket for framleige av mjølkekvotar. Rådmannen trur ikkje at dette vil få noko stort omfang, fordi det neppe vil vere så mykje å tene på dette. Denne regelendringa syner likevel kor fleksibelt det nye regelverket vil bli, og det er ei regelendring som det ikkje er behov for.

Rådmannen stiller seg spørjande til at kvoteleige vert eit rent privatrettsleg forhold, utan offentleg innblanding. Til og med kravet om 5 års leige kontraktar er fjerna. Dette vil gjere kvoteleige mindre forutseieleg, og det vil gjere situasjonen for bonden som skal leige kvoten, meir usikker. Her vil det ikkje vere noko bindingstid. Bonden som har investert i ny driftsbygning, veit ikkje kor lenge han får leige kvoten. I verste fall for berre eitt år. Etter rådmannen sitt syn er dette ei unødvendig liberalisering av regelverket.

Samdriftene under 400.000 liter

Det nye regelverket vil føre til at samdrifter under 400.000 liter mjølk vil gå glipp av produksjonstilskot og avløysartilskot. Dette fordi samdrifter under 400.000 liter skal likestillast

med enkeltpersonføretak. Mange slike samdrifter vil sannsynlegvis bli avvikla og erstatta med kvoteleige. Men mindre samdrifter med fleire aktive medlemmer som deltek i samdrifta blir hardast råka økonomisk. Ikkje minst i distrikta er det mange små samdrifter. Dette må kompenseras på andre måtar, noko som departementet opnar for i høyringsnotatet. Men rådmannen saknar likevel i høyringsnotatet ei grunngeving for at samdrifter under 400.000 liter ikkje kan behalda det same regelverket som dei har i dag, og kvifor dei framleis ikkje kan likestillast med samdrifter over 400.000 liter mjølk.

Innføring av føretaksmodellen

Rådmannen er skeptisk til innføring av føretaksmodellen i kvotereguleringen for mjølk med oppsplitting av kvotar, flytting av kvoter, etablering av samarbeidsføretak, etc. Kommunane har problem nok som dei har med § 4 i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket. Kommunane har ikkje bedt om dette regelverket. Eksisterande regelverk er ikkje godt nok. Det er arbeidskrevjande og vanskeleg å handtere. I samband med vurdering av driftsfelleskap mellom ulike føretak må ein i for stor grad basere seg på skjønn. Rådmannen ynskjer ikkje at kvotereguleringen skal opne for fleire moglegheiter til å etablere føretak med nye fallgruver for dei bøndene som vert freista til å samarbeide for nært. Departementet bør i staden vurdere andre modellar som grunnlag for berekning av tilskot til bøndene.

Med helsing
Hå kommune

Lars Kolnes
rådmann

Olav Magne Tonstad
jordbrukssjef

Kopi til :

Fylkesmannen i Rogaland -
Landbruksavdelingen
Statens landbruksforvaltning

Postboks 8140, Dep.

4001 STAVANGER
0033 OSLO